



Saksbehandlar: Nils Geir Myrkaskog, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/4092-2

## **Rekneskap 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2016, som syner kr 2 129 774 698,47 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 14 539 741,95, vert godkjent.
- 2 Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2016 på kr 14 539 741,95 vert avsett til bufferfondet.

**Vedlegg:**

1. Rekneskap 2016, inkl. revisjonsmelding
2. Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen (vert lagt fram for FU 31.05.17).

**Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

Rekneskapen for 2016 følgjer som vedlegg 1. Vidare i vedlegg 1 ligg revisjonsmelding for 2016 frå SF Revisjon IKS, datert 15.04.2017. Kontrollutvalet skal handsame sin uttale til rekneskapen i møte 30.05.17, jf. vedlegg 2. Forslag til uttale frå sekretariatet er utan merknader.

Ved oversending av rekneskapen til revisjonen sende fylkesrådmannen ut slik pressemelding:

*«Fylkesrådmannen har no lagt fram fylkeskommunen sin rekneskap for 2016. God budsjettdisiplin og god økonomistyring gjev eit overskot på 14,5 millionar kroner. Dette er eit noko lægre tal enn gjennomsnittet dei fire siste åra. 2016 er då også fyrste året der inntektene har gått vesentleg ned, jf. det nye inntektssystemet. Sett i lys av det, må resultatet seiast å vere bra.»*

**Netto driftsresultat**

*Netto driftsresultat vert nytta som ein indikator på kor godt resultat ein fylkeskommune/kommune har. For fylkeskommunar er det no tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent (av samla driftsinntekter). Netto driftsresultat 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune er på 214,9 millionar kroner, det vil seie 6,8 prosent. Tilsvarande tal i 2015 var 5,3 prosent.*

**Budsjettdisiplin**

*I budsjettdisiplina skil vi mellom anslagsløyvingar og ordinære løyvingar. Anslagsløyvingane er kjenneteikna av at dei er lite «styrbare». Det betyr at sluttresultatet på postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll. Ordinære løyvingar er styrbare løyvingar, der fylkeskommunen i stor grad skal ha kontroll på sluttresultatet.*

*For dei styrbare løyvingane har fylkeskommunen som prinsipp at vi skal ha budsjettdrekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjettdisiplin vert difor ikkje alle budsjettpostar nytta fullt ut; vi styrer så nær opp til 100 prosent som råd. Dette gjev mindre innsparinger på ein*

god del postar. Dette er ein hovudforklaring på at vi kjem ut med ei netto innsparing på 7,6 millionar kroner på sektornivå i 2016.

### **Fellesinntekter- og utgifter**

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje styrbare» løyvingar. Samla fekk vi i 2016 ei netto meirinntekt/innsparing her på 6,9 mill. kr.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjeldene våre og utgjorde nær 2,4 mrd. kr i 2016. På desse to inntektspostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 8,7 mill. kr (0,35 prosent).

Skatteinntektene for fylkeskommunane har hatt ein sterk auke i 2016. Prognosane har auka frå +3,6 % i stats- budsjettet for 2016 til det endelige resultatet på +7,2 prosent. Vi har gjennom året auka skatteanslaget vårt to gonger med til saman 15 mill.kr. Endelig resultat er ytterlegare 8 mill. kr betre.

På dei andre områda innan fellesinntekter og -utgifter er det berre mindre avvik som samla utgjer ei mindreinntekt på 1,7 mill.kr.

### **Sektornivået**

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto ramme på vel 2,2 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 7,6 mill. kr har sektorane våre, sett under eitt, ei budsjettgjennomføring på om lag 99,6 prosent. Dette meiner fylkesrådmannen er svært bra.

### **Forvaltning**

Forvaltning står for netto 3,8 mill. kr av denne innsparingsa. Dei største postane her er eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr på politisk styring/kontrollutval, 1,3 mill. kr på administrasjonen og 1,8 mill. kr på bygg og eigedomsforvaltning/administrasjonslokale.

### **Opplæring**

Opplæring har eit samla mindreforbruk på 0,8 mill.kr i 2016. Dei største postane med mindreforbruk er vedlikehald og drift av skulebygg (2,2 mill. kr), kjøp av pedagogisk-psykologiske tenester frå kommunane (1,1 mill. kr) og tilpassa opplæring (1,9 mill. kr). Dei største postane med meirforbruk er opplæring i bedrift (7,1 mill. kr) og fagprøvar (1,0 mill. kr).

Dei vidaregåande skulane og fagskulen har ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 5,5 mill. kr i høve budsjett 2016. Skulane har resultatoverføring (til 2017). Innsparingsa påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

### **Tannhelse**

Tannhelse har ei innsparing på 2,6 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2017), og innsparingsa påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.

### **Næring og kultur**

Næring og kultur har samla eit netto mindreforbruk på 1 mill.kr. Av dette ligg 0,8 mill. kr innan kultur.

### **Samferdsle**

Samferdsle har eit samla netto mindreforbruk på 1,8 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak ( 0,6 mill. kr) og båtruter ( 6,9 mill. kr). Dei største postane med meirforbruk er bilruter (1,5 mill. kr) og fylkesvegferjer (2,9 mill. kr).

Fylkesveg-drift og vedlikehald har ei innsparing på 9,5 mill. kr som vert overført til 2017 (resultatoverføring). Dette påverkar ikkje rekneskapsresultatet.»

Etter at administrasjonen la fram rekneskapen for revidering er det gjort mindre endringar. Endringane har ikkje endra rekneskapsresultatet.

Det vert elles vist til sak om godkjenning av årsrapporten 2016 som er til handsaming i same møte.

Revisjonen har i sin revisjonsmelding konkludert slik i høve årsrekneskapen:

«Etter vår mening er årsrekneskapen som fylgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det all vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskommune per 31. desember 2016, og at resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoен er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Norge»

I saksutgreiinga til kontrollutvalet sin uttale (handsamast i KU 30.05.17) er det avslutningsvis konkludert slik: «Ut over det som er nemnt i denne uttalen og det som går fram av revisjonsmeldinga datert 15.04.2017, har kontrollutvalet ikkje merknader til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2016.»

Overskotet til fylkeskommunen har variert i storleiken 15 – 58 mill. kr. i perioden 2010 – 2016. Fylkesrådmannen meiner dette er eit resultat av nøktern budsjettering og god budsjettkontroll.

Bruk/disponering av overskotet; kommunelova § 48 nr 3 fastslår at det er fylkestinget sjølv som vedtek disponering av overskot/ eventuelt dekking av underskot i samband med godkjenning av rekneskapen. Disponeringa av overskotet har i dei seinare åra vore gjort opp med avsetjing til bufferfondet. Eventuell bruk av bufferfondet vert vurdert i tertialrapport 1/17.

I tråd med denne praksisen rår fylkesrådmannen til at rekneskapsoverskotet for 2016 på - kr 14 539 741,95 – vert avsett til bufferfondet.